

Ei stadig meir utilgjengeleg perle



Vakker: Indre Fure er ei bygd som er så vakker at Selje kommune anbefalar turistar å ta turen ut. Vegen dit er derimot svært lite å vise fram for nokon.



Forfall: Kjell Fure fortel at vegen ut til eiga heimbygd, Indre Fure, ikkje har vore stelt sidan den fekk oljegrus i 1972.



– Vert det ikkje gjort noko med vegen snart, så kan kommunen om få år forhauste heile strekninga, seier Kjell Fure om vegen fram til heimbygda Indre Fure.

Odd L. Drablos
odd.drablos@f.no
telefon 971 54 896

Kjell Fure veit at Indre Fure er ei perle, men kjeda den er tredd på er omtrent uframkomeleg.

– Kommunen skryt av kor fint det er her ute og dei anbefalar turistar å ta turen ut til Indre Fure for å oppleve det vakre klyngjetunet vi har her. Men hadde kommunen høyrte alle kommentarane som turistane kjem med når dei stig ut av bilar og bussar, så hadde dei nok innsett at det kanskje ikkje var den aller beste Selje-reklamen å sende framandfolk ut hit, seier Kjell Fure.

Klaging

Både i nasjonal, fylkeskommunal og lokal samanheng så vert ofte klyngjetunet på Fure trekt fram som eit av dei best bevarte bumbiljøa av denne typen i heile landet.

Ikkje minst derfor synest Selje kommune at det er stas å vise tunet fram og å bruke det i annonsemateriell for kommunen som skal lokke enno fleire turistar på besøk. – Det er veldig få gode ord som kjem ut av kjeften på dei som kjem sunderista ut av eigne bilar på besøk for aller fyrste gong. Kommentaraner går på at dette må vere ein av dei verste vegane i heile landet, og eg trur det må vere rett. Det er i alle fall den aller verste vegen i Selje kommune, og som kjent så

har vi mykje dårleg veg her i kommunen, seier Fure.

1968

Kjell Fure er frå Fure og har med få unntak budd der heile livet.

Fure fortel at han sjølv var med og bygde vegen ferdig.

– Vi hadde veg frå Indre Fure eit lite stykke inn mot Drage og det var veg frå Drage og omtrent halve strekninga ut i stranda, men heile vegen vart gjennombranna dei siste kilometerane in 1967 og stod heilt ferdig i 1968, seier Fure, som året etter at vegen var heilt ferdig fekk med seg kona Marit og flytta heim for godt.

– Vi har hatt det godt her ute vi, det er ikkje det, men som sagt så

bør det gjerast noko med standarden på vegen. No veks det så mykje gras på vegen at vi snart kan forhauste den, seier Fure.

Oljegrus

Fure fortel at dei fyrste åra så var det grusveg mellom Drage og Fure, men at vegen vart oljegrus i 1972.

Etter den tid så har det, med eitt unntak då sjøen vaska ut eit stykke, ikkje vore gjort noko vesentleg arbeid på og med vegen.

– Det var ein god veg som vart bygd. Det var Anders Hoddevik og Modulf Krogh som var basar. Det var flinke folk som gjorde ein god jobb. Vegen vart også særst god sidan den vart lagt på fjell, men kva

hjelp er det i det når ting ikkje vert stelt og heldt ved like, spør Fure.

Som så mange som har levd nokre år så kan ikkje Fure heilt skjønne det forfallet som no veks fram på vegar og bygningar i offentleg eige.

– For oljerikdomen velta inn over land og folk så hadde vi råd til å halde oss med det meste. Det var skular, bankar og postkontor i omtrent alle bygder av ein viss storleik. Og det vi hadde vart teke godt vare på. I dag flyomer rikdomen opp av havet og innover land, og forfallet i det offentlege har aldri vore større. Forstå det den som kan. Då landet ikkje hadde pengar fekk vi stram fram til hus i dei minste og mest grigrendte bygder i heile landet. Det hadde ikkje vore i dag. I

dag skal alt vere rekningssvarande, seier Fure.

Formannskapet

I si yrkeskarriere så var Kjell Fure postmann og dermed kjend med kvar einaste vegstubb omtrent i heile kommunen. Det gjer han trygg i påstanden om at vegen frå Drage til Indre Fure er den aller verste i heile kommunen.

– Hadde nokon av dei som sit i formannskapet hatt dette til arbeidsveg i alle dei år slik som eg har hatt, så vågar eg den påstanden at det har vore gjort noko med standarden på vegen. Det er ikkje berre mangel på ressursar som gjer dette forfallet. Det har vist seg så ofte at der det er vilje, er det moglegheit, seier Fure.

seier Fure.

Kjell Fure har ikkje noko imot at Selje kommune sender folk ut for å sjå på den vakre husklyngja han sjølv bur i, men slik som det no er så er det frykteleg dårleg reklame for kommunen å sende folk i bil ut på den krotterstigen som fører fram til indre Fure.

– Vi som bur her veit at det kostar å ha bil. Både motorfeste og stoytdempingar må sjekkast stadig oftare og begge deler må skiftast stadig oftare. Det er ikkje slik det skal vere. Dersom det er slik at dei som styrer i kommunen ikkje er klår over kor gale det verkeleg er, så er dei hjarteleg velkomne til å ta seg ein tur for å sjå det med egne auger, avsluttar Kjell Fure.

